



*Stilling ledig!*

## Kyrkja i Sykkylven-Ikornnes

Sykkylven ligg sentralt i hjartet av Sunnmørsalpane og har ca. 7600 innbyggjarar.

Den norske kyrkja i Sykkylven kommune består av 2 kyrkjelydar; Ikornnes sokn med om lag 1300 medlemmar og Sykkylven sokn med om lag 4750 medlemmar.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd har ansvaret for drift og forvaltning av 2 arbeidskyrkjer og 1 gravplass. Kyrkjelydane har til saman 2 sokneprestar, kantor (100%), organist (20%), driftsleiar/kyrkjetenar (100%), kyrkjeverje (100%), kontorsekretær (70%), diakon (80%) og trusopplæringskoordinator (100%) – som med dette blir lyst ut på nytt i lys av oppseining.

## **BARNE- OG UNGDOMSARBEIDAR / DIAKON / KATEKET / PEDAGOG / PREST i 100% stilling**

Vi søker etter:

- Ein utadvent og inspirert person med gode evner til å samarbeide, samtidig som ein må kunne arbeide sjølvstendig og systematisk.
- Ein person med pedagogiske evner.
- Ein person som likar å formidle/forkynne, halde andakt o.l.
- Ein person som ønsker å sjå og motivere andre.
- Ein person som er glad i å arbeide med barn og unge.
- Ein person som vil arbeide for å «legge til rette for engasjement» (involvering, inkludering, motivering og oppfølging av frivillige/uløna medarbeidrarar).

Om stillinga:

- Arbeidstid etter avtale (både dag, kveld og helg).
- Medansvar i konfirmantarbeidet.
- Samarbeid med skule og barnehagar.
- Samarbeid med kommunen og ulike lag og organisasjonar.
- Systematisk arbeid med tilrettelegging, omsorg og utvikling av frivillige medarbeidrarar.
- Oppgåver etter behov.
- Bør ha førarkort klasse B og disponere eigen bil.
- Før tilsetting skal det leggast fram tilfredsstillande politiattest (jf. KL. §29).

Vi tilbyr:

- Eit godt, tverrfaglig arbeidsmiljø med engasjerte og dyktige medarbeidrarar (mange frivillige).
- Løn etter stillingskode jf. tariffavtale for KA-området.
- Offentleg tenestepensjon i KLP.

Søknad med CV og referansar sender du til:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd  
v/Arild Sporsheim, Kyrkjevegen 24, 6230 Sykkylven  
[kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja.no), [www.sykkylven.kyrkja.no](http://www.sykkylven.kyrkja.no)

**SØKNADSFRIST: 21. november 2021**